



Saman for ein branntrygg kvardag

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS

Pål-Jøran Carlsen

Hagellia 6

5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/17354 - 21/29471

Saksbehandlar:

Cathrine Lie

cathrine.lie@alver.kommune.no

Dato:

30.04.2021

Svar på forespørsel om uttale fra brannvesenet, tilkomstveg til byggetiltak på gbnr.485/2

Etter føresurnad frå arkitektkontoret Børtveit og Carlsen A/S har Nordhordland og Gulen interkommunale brannforebyggjande avdeling (NGIB), på vegne av Nordhordland brann og redning (NHBR), laga ein uttale ang tilkomst for brannvesenet til Vetåsvegen 88.

Innleiing

Grunnlag for uttale teikningsgunnlag med kommentarar frå vegingeniør (vegplan datert 14. april), kopi av rammetillatelse på vilkår for omsøkt byggetiltak på gbnr. 485/2 og kopi av uttale frå brannvesenet (apr./mai 2020).

I tidligare uttale av saka vart det henvist til TEK17, § 11-17 «Tilrettelegging for rednings- og slokkemannskap» med rettleiing. Det vart og gitt nokre scenaria for brannvernetsinnsats, desse er gjenngitt under.

Dagens veg er av ein sånn standard at ikkje det er mogleg å komme fram med brannbil.

• *Grunna dårleg veg og bratt skråning til eigedommen trengs det ca 170 m (rett linje) med slange i tillegg til pumpe for trykkforsterkning for å få nok vann fram til objekta. Dette vil ta tid å etablere og påverka responstid negativt.*

• *Eventuelt kan slanger leggjast langs vegen, då er strekningen ca 450 m. Denne løysinga vil også vera tid- og mannskapskrevjande.*

• *Dersom det skal vera mogleg å komme fram med brannbil, må den nederste svingen ved adresse Vetåsvegen 100 fjernes, og vegen må vera rett løpsveg opp til svingen ved Vetåsvegen 80. I tillegg må vegen oppgraderast sånn at vegbreidda vert 3 m, tåla vekta av brannbil og ha eit dekke som gir godt grep for køyretøy (ikkje gras).*

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen har på vegne av tiltakshavar søkt om og fått godkjent byggetiltak på visse vilkår, der det eine momentet gjeld dagen tilkomstveg frå hovudveg (Vetåsvegen) og opp til øverste bruk. Tiltakshavar har på bakgrunn av dette engasjert ein vegingeniør for å vurdere ulike alternativ for utbetring av, spesielt den nederste delen av vegen. Det var og denne delen av vegen som vart omtalt i tilbakemeldingen frå brannvesenet.

Skisser av ny tilkomstveg er lagt ved førespørselen og visar korleis den nye tilkomstvegen er tenkt bygd. Det vert oppgitt at tiltakshavar har fått avtale med eigar areal som må tas i bruk for å løyse tilkomst.

Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannforebyggjande avd.(NGIB)

Eit samarbeid mellom Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund kommune

Postadresse - Postboks 4, 5906 Frekhaug | Besøksadresse - Stølen 7, 5911 Alversund | Innbyggjarservice: 56 37 50 00

Brannvesenets krav til tilkomst

For å oppfylle krav til tilkomst for brannvesenets kjøretøy må det *presiserast* at minimumskrava gjeld heile vegen frem til eigedommen, og ikkje berre delar av vegen. I svar gitt i 2020 var det påpeikt nokre deler av tilkomstvegen som brannvesenet såg som mest utfordrande i forhold til bredde, stigning og svingradius.

Kommentar til skissert løysing:

- I skissert løysing er det dokumentert innfridd krav om maks stigning på på 1:8 (12,5%) for området som skal byggast ut. Den øvrige delen av vegen må og innfri krav om maks stigning på 1:8.
- Det er i vegplan, datert 14.april 2021, oppgitt at vegen er tekna 3 meter brei. Og at svingane må byggast breiare. For å oppfylle brannvesenets krav til vegbredde i sving, må minimum svingradius (ytterkant veg) vere 12 meter (ref. minimumskrav for tilkomst gitt i tabell 1).

Minimumskrav tilkomst for brannvesenets kjøretøy:

Kjørebredde på rettlaupsveg	Minst 3 meter
Svingradius (ytterkant veg)	Vanleg mannskapsbil 9,5 m. Vanntankbil og rednings-/løftemateriell 12 m
Stigning i tilkomstveg	Maks 1:8 (12,5%)
Fri kjørehøgde	Minst 4,5 meter
Lengde brannbil	8 meter
Akseltrykk (tilkomst og brannredningsareal)	Minst 12.000 kg
Totalvekt (tilkomst og brannredningsareal)	Minst 26.500 kg
Det kan det aksepterast avstand på inntil 50 meter frå bygning til oppstillingsplass for brannbil.	

Tabell 1 Minimumskrav tilkomst for brannvesenets kjøretøy.

Med venleg helsing

Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avd.

Cathrine Lie

Branningeniør

Telefon: 992 48 085

E-post: cathrine.lie@alver.kommune.no

Med vennleg helsing

Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avd.

Cathrine Lie

Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen Hagellia 6
AS

5914

ISDALSTØ